



Norconsult AS
Postboks 626
1303 SANDVIKA

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/3780 - 18/9692

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
21.03.2018

Rammeløyve for oppføring av pumpestasjon - gbnr 113/7, 24 m.fl. Sjurset

Administrativt vedtak. Saknr: 137/18

Tiltakshavar: Lindås kommune - Teknisk drift VVA

Ansvarleg søker: Norconsult AS

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (tbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av pumpestasjon for ny (utvida) vassforsyning til Mongstad. bruksareal (BRA) er 213 m².

Det vert elles vist til søknad motteken 21.12.2017.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming ved mottak den 21.12.2017, og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (tbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne datoен. Fristen gjekk ut 15.03.2018, og sakshandsamingsgebyret vert redusert.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i KOMMUNEDELPLAN FOR LINDÅSOSANE, LYGRA OG LUREFJORDEN er definert som LNF-område.

Dispensasjon

Dispensasjon frå arealføremålet er gjeve 25.11.2016 i administrativt vedtak nr. 529/16.

Uttale frå anna styresmakt/handsaming etter anna lovverk

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt til rammesøknaden. Det må avklarast med Arbeidstilsynet om tiltaket krev samtykke etter Arbeidsmiljølova. Samtykke eller unntak må dokumenterast.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan motteken 21.12.2017.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 3,088.

Det er søkt om ferdig golv på kote ca. + 20,0 .

Vatn og avløp (VA)

Teikningane viser vassklosett og dusj. Det er ikke sagt noko i søknaden om avløpsanlegg.

Tilkomst, avkørsle og parkering

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg via privat veg i samsvar med pbl. § 27-4. Kommunen legg til grunn at tiltaket ikkje fører til vesentleg trafikkauke.

Terrenghandsaming

Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terreng, og plassering i høve terreng.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

Avfallsplan

Tiltaket har ikkje krav til avfallsplan etter TEK § 9-6.

Alt avfall skal leverast som næringsavfall til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden, på vilkår at det vert lagt fram samtykke frå nabo for plassering 3 m frå nabogrensa.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til sin funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

Privatrettslege tilhøve

Kommunen legg til grunn at nødvendige privatrettslege samtykke er på plass . Avtale om bruk/kjøp av grunn må dokumenterast før igangsettingsløyve kan gjevast.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Er vurdert i dispensasjonssaka.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve rammeløyve for oppføring av pumpestasjon på følgjande vilkår:

1. **Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan motteken 21.12.2017, med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
2. **WC kan ikkje installerast før det ligg føre utsleppsløyve eller anna godkjent avløpsløysing.**

Før det vert gjeve igangsettingssløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. **Avtale om bruk/kjøp av grunn må dokumenterast**
2. **Samtykke til plassering 3 meter frå grensa mot gbnr 115/2 må dokumenterast**
3. **Samtykke eller unntak frå handsaming frå Arbeidstilsynet må dokumenterast**

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. **Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen ved Geodataavdelinga**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 17/3780

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindås kommune - Teknisk drift VVA

Norconsult AS

Postboks 1199

5811

BERGEN

Mottakrar:

Norconsult AS

Postboks 626

1303

SANDVIKA